

# Brukarrettleiing for Enivest FIBER heimesentral

## Oppkopling av heimesentral


Montør kjem og koplar opp heimesentralen ved leveranse av Enivest FIBER. Skulle du ta over ein bustad der Enivest FIBER allereie er installert, får du tilsendt FIBER modem, som du koplar inn i FIBER huset.



**Viktig! Utstyret er ømfintleg for overspenning.**

**Vi anbefalar difor at utstyret blir kopla til overspenningsvern.**

## Slik koplar du utstyret ditt til heimesentralen.



### Internett tilkopling:

På heimesentralen (fiber modemmet) er portane LAN1, LAN2 og LAN3 alltid opne mot Internett for oppkopling av PC, trådløus ruter, svitsj eller anna datautstyr.

### TV tilkopling:

Viss du bestiller TV vil denne bli kopla i LAN6 (1. TV), LAN5 (2. TV) og LAN4 (3. TV). Desse portane vil og vere tilgjenge for Internett viss du ikkje har tinga GET digital-TV.

### Telefoni tilkopling:

Porten TEL1 blir nytta til å levere telefoni. Har du Enivest telefoni koplar du ein analog telefon til denne porten.

### Oppkopling TV.

Har du tinga GET digital-TV får du tilsendt ein GET HD IP dekodar. Denne må stå ved TV'en. Mellom TV og dekodar koplar du HDMI, komponent eller SCART kabel. OBS! med SCART kabel får du ikkje glede av HD



Mellom heimesentralen og GET dekodar må det vere minimum ein kat.5 data kabel (maks 90m lengde). Denne kabelen koplar ein inni LAN6 port på heimesentralen og i RJ45 porten i GET dekodar. Du kan ha inntil 3 GET TV dekodarar kopla til heimesentralen. Portane LAN6, LAN5 og LAN4 blir i denne rekkefølge satt av til TV ein og ein etter som ein tingar nye TV dekodarar.



## Teknisk informasjon om heimesentralen (Fiber modem)

Heimesentralen kjem ferdig konfigurert slik at det ikkje er naudsynt å gjere endringar på modemmet. Ditt fiber modem er konfigurert med følgjande IP-adresse og brukarnamn/passord:

### Heimesentral:

IP: 192.168.80.1

Nettverksmaske: 255.255.255.0

Brukarnamn: Utilgjengeleg

Passord: Utilgjengeleg

Du har ikkje tilgang til å gjere endringar i dette modemmet. Dersom du har behov for å opne portar i dette modemmet kan du legge inn 192.168.80.254 som fast IP-adresse på neste nettverkspunkt (dette blir også kalla som DMZ sone) .

Alle LAN portar (utanom dei som blir nytta til TV) er opne på denne IP-adressa til td.trådløus ruter, brannmur, PC eller liknande.

*OBS! Det er viktig at du ikkje trykker inn reset-knappen på modemmet. Du vil då miste kontakta med Internett. Du vil og så miste summetonen på telefonen og TV signala dersom du har desse tenestene frå Enivest. Dersom du har problem med modemmet eller med FIBER linja, prøv først å slå av og på modemmet, og la modemmet kvile eit minutt. Dersom dette ikkje hjelper så ta kontakt med Enivest.*

DNS-tenarar (namnetenarar) vert tildelt automatisk. Adressene til desse er som følgjer:

DNS 1: 62.50.161.166

DNS 2: 217.149.113.30